



BIR AVFALLENERGI AS AVD MJELSTAD
Postboks 6004
5892 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Mjelstad Avfallsdeponi

Kontrollnummer: 2021.114.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ingrid Hitland

Einar Håland

Øyvind Underdahl Holm

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Hallvard Hageberg

Kristin Espeset

Konsulentar:

Oddmund Soldal

Øyvind Høvding

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Mjelstad Avfallsdeponi den 26 og 27. mai 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkar 4 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda kan ikkje dokumentere at utslepp av deponigass er lågast mogleg
2. Verksemda har deponert avfall som det ikkje er dokumentert om oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering
3. Oppsamling og handtering av sivevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet
4. Internkontrollen har manglar.

Avvikene er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kristin Espeset
kontrollør

Kopi til:

Osterøy
kommune

Rådhuset 5282 LONEVÅG

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BIR Avfallsenergi AS avd Mjelstad	
Organisasjonsnr.: 879741742	Eigd av: 985825408
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 Behandling og disponering av ikkje farleg avfall	

Kontrollert eining

Namn: Mjelstad Avfallsdeponi	Anleggsnr.: 4630.0025.02
Kommune: Osterøy	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 30.11.2016	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, og inngår i ein lokal aksjon for tilsyn med avfallsdeponi i fylket.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Tekniske innretningar og oppbygging av deponiet
- Mottakskontroll
- Drift av sigevassreinseanlegg
- Drift av gassanlegg
- Utsleppskontroll
- Overvaking
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

BIR Avfallsenergi avd Mjelstad pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 30. oktober 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll. Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Kristin Espeset.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 10. mai 2021. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må BIR Avfallsenergi AS avd Mjelstad betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn over ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda kan ikkje dokumentere at utslepp av deponigass er lågast mogleg

Avvik frå: Løyve punkt 6.1 Deponigass

Kommentarar til regelverket

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonerast, byggast og drivast for et miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponistørrelse og forventa og utrekna gasspotensial.

Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. Verksemda skal sette i verk tiltak for å sikre lågast mogleg utslepp til luft. Verksemda skal regelmessig evaluere effektiviteten av gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak. Der det ikkje er gassproduksjon som mogleggjer etablering av gassanlegg, skal det i staden etablerast biofilter etter ein nærare angitt plan.

Observasjonar

Frå og med 2020 har det ikkje vore uttak av gass på deponiet. I 2019 var uttaket på berre 96 Nm³ medan uttaket i 2018 var på 58 758 Nm³. I perioden 2013 – 2017 var uttaket på heile 260 000 - 607 000 Nm³ årleg. Det har altså skjedd ein brå stopp i gassuttaket frå eit relativt høgt nivå tidlegare år. Frå andre deponi har vi ikkje observert den same brå nedgangen. Verksemda har ikkje gjort ei analyse av den brå nedgangen i gassuttaket, tilstanden i gassanlegget, og moglegheitene for å oppgradere anlegget slik at det igjen kan kome i drift.

Verksemda har ikkje gjennomført kontroll av diffuse utslepp av deponigass i frå deponioverflata. Det er ikkje gjort berekningar av gasspotensialet i deponiet. Siste året det vart deponert organisk avfall var i 2010.

Verksemda har derfor manglande grunnlag for å vurdere kostnader for tiltak vurdert opp mot attverande gasspotensial i deponiet.

Avvik 2: Verksemda har deponert avfall som det ikkje er dokumentert om oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering

Avvik frå:

Løyve pkt 1 og 3.1

Avfallsforskriften:

Vedlegg II pkt 1.1 g) og i, ii og iii, vedlegg II pkt 1.2

Kommentarar til regelverket:

Løyvet:

Pkt 1: Det er lov til å deponere ordinært avfall og avfall som tilfredsstillar mottakskriteriene i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II.

Pkt 3.1 Det skal gjerast ein kontroll av alt avfall som blir tatt i mot til deponiet. Kontrollen skal avdekke om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningslinjer for kva som kan takast imot ved anlegget.

Avfallsforskriften kap 9, vedlegg II, pkt 1.1:

«Avfallsprodusenten skal sørge for at det er gjennomført en basiskarakterisering av avfallet før deponering finner sted. Ved basiskarakteriseringen skal blant annet følgende dokumenteres:

g) Det farlige egenskapene (jf vedlegg 2 til kapittel 11 om farlig avfall i denne forskriften) som er vurdert som grunnlag for å klassifisere et avfall som ikke-farlig. Dersom avfallet er ført opp i den europeiske avfallslisten med avfallskoder for både farlig og ikke-farlig avfall (speilinn ganger) må det dokumenteres hvilken klassifisering avfallet skal ha.

For avfall som produseres jevnlig i like prosesser skal basiskarakteriseringen også dokumentere:

- i. Om avfallet består av en blanding av forskjellige materialer, og i så fall blandingsforholdet mellom disse materialene og hvor mye blandingsforholdet kan variere.*
- ii. En beskrivelse av hvordan utlekkingspotensial, lukt, farge og fysisk form varierer og hvor stor variasjonen er.*
- iii. Opplysninger om hvilke parametere som skal brukes ved verifikasjon og hvor ofte verifikasjonen skal finne sted.»*

Avfallsforskriften kap 9, vedlegg II, pkt 1.2d):

«Dersom det er mistanke om at avfallet kan inneholde farlig avfall er det krav om testing.»

Observasjonar

Slam frå reinseanlegget blir deponert utan at slammet er basiskarakterisert. Verksemda manglar dermed kunnskap om deponerte mengder, variasjonen i innhaldet av ulike forureiningar og om utlekkinga tilfredsstillar krava til deponering.

Det er gjort ei måling av innhaldet av forureiningar i dette avfallet. Denne er vist i tabell 1 under.

BIR må gjere ei basiskarakterisering av slammet frå reinseanlegget. Dersom slammet ikkje tilfredstillar krava til mottak kan verksemda søke om unntak. Verksemda må då vise kva tiltak ein vil gjere for å hindre utlekking frå massane.

	Prøverefarance	Mjelstad-flotasjon
Tørrstoff	%	9,9
Arsen (As)	mg/kg TS	18
Bly (Pb)	mg/kg TS	1100
Kadmium (Cd)	mg/kg TS	5,8
Kobber (Cu)	mg/kg TS	1400
Krom (Cr)	mg/kg TS	130
Kvikksølv (Hg)	mg/kg TS	0,044
Nikkel (Ni)	mg/kg TS	55
Sink (Zn)	mg/kg TS	3100
Sum THC (>C5-C35)	mg/kg TS	20000
Sum PAH(16) EPA	mg/kg TS	0,66
Sum 7 PCB	mg/kg TS	0,012
Totalt organisk karbon (TOC)	% TS	5,4

Tabell 1 innhald av forureiningar i slam frå reinseanlegget

Når det gjeld basiskarakteriseringa av botnaske viser vi til punkt 8 i rapporten.

Avvik 3: Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet

Avvik frå:

Løyve pkt 2.3, 5.3 og 11.1

Kommentarar til regelverket

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

5.3 Sigevassreinsing og utslepp

Oppsamlingssystem, reinseanlegg og sigevassleidning inkludert pumpestasjon og nødvendige kummar skal ha ein kapasitet som er tilsvarande forventa maksimal sigevassmengde. Pumpestasjonen skal ikkje ha overløp.

Sigevatnet skal reisasst lokalt i samsvar med beste tilgjengelege teknikk.

11.1 Oversikt over deponiutvikling og vassbalanse

På bakgrunn av resultat frå nedbørsmålingar, måling av sigevassmengder og anna overvaking, skal verksemda lage eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

Observasjonar

Det er ikkje gjort samanlikningar av innhaldet av forureiningar før og etter reinsing etter reinseanlegget blei etablert. Denne typen målingar er nødvendig for å kunne optimalisere reinseanlegget. Det er og viktig at ein får sett effekten av reinseanlegget ved ulike hydrauliske belastningar.

Reinseanlegget har ei maksbelastning, sigevatn over denne mengda blir ikkje reinsa. Det er ikkje gjort målingar av kor mykje sigevatn som ikkje blir reinsa. I løyvet er det krav om at kapasiteten på reinseanlegget skal vere tilsvarande maksimal sigevassmengde.

Avvik 4: Internkontrollen har manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta §5 pkt 7.

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta §5 Pkt 7:

Det er krav til å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks- lovgivinga.

Observasjonar

Manglar akseptkriterier

Det er ikkje fastsett akseptkriterier for kva som skal meldast som avvik knytt til ytre miljø for drifta av deponiet og reinseanlegget for sigevatn.

7. Andre forhold

Basiskarakterisering:

Statsforvaltaren har ikkje tidlegare gjort ein vurdering av basiskarakteriseringa som blir gjort av botnaska frå BIR Avfallsenergi. Vi ber difor om at den fullstendige basiskarakteriseringa inkludert verifikasjonar for dei siste 3 åra blir sendt inn saman med tilbakemeldinga på tilsynsrapporten. Vi vil då ta stillinga til basiskarakteriseringa og måten den blir gjort på.

Søknad om utviding med ny etappe:

Under tilsynet fortalte verksemda om planar om å utvide deponiet med ein ny etappe. Statsforvaltaren orienterte om krav i søknad. Statsforvaltaren må avklare med Miljødirektoratet kven som skal vere forureiningsmynde for ny etappe i og med det som vil bli søkt om er eit reint industrideponi.

I løyvet er det krav om utarbeiding av utkast til plan for endeleg avslutning og etterdrift innan 1. mars 2019. Det har blitt gitt utsetting av dette kravet. Plan for avslutning og etterdrift for eksisterande deponi må vere ein del av søknaden om ny deponietappe. I søknaden om avslutning må det gå fram kva tid avslutningsarbeida kan ta til, avgrensinga av deponidelar som kan avsluttast, og oppbygging av toppdekke. Vi ber om framdriftsplan for når avslutningsplan kan vere ferdig saman med tilbakemeldinga på tilsynsrapporten.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren